

NYHENDEBREV FRÅ HØGSKULEN I VOLDA, NR 3/2018, 7.3.2018

"Kunnskap for framtida" www.hivolda.no

Redaktør: Rektor Johann Roppen, jr@hivolda.no

MEDIEPRAKSISEN HAR STARTA

Journaliststudentane har teke til på intern praksis og blant anna vil nettavisa Nærnett dei to neste månadene vere ein sentral portal for lokale og regionale nyhende. Ta godt i mot studentane om dei tek kontakt. <http://www.nernett.no/>

HØGSKULESTYRET HAR MØTE TORSDAG 8. MARS

Styret for Høgskulen i Volda har sitt andre møte i 2018 den 8. mars på Høgskulen i Volda, Henrik Kaarstad-huset, rom 104. På saklista på styremøtet står blant anna årsrapport for 2017, endeleg budsjett for 2018, revidering av strategiplan og kostnadsramme for nybygget. Møtet vil bli strøyma. Saklista og sakspapir for styremøtet er på nettsidene: <http://opengov.cloudapp.net/Meetings/HIVOLDA/Boards/Details/207836>

VOLDA-FORSKARAR HAR SKRIVE BOK OM KULTURTIDSSKRIFT

På oppdrag frå Kulturrådet har fire voldaforskarar skrive boka "Kulturtidsskriftene". Boka vart lansert i Kulturrådet 2. mars 2018. Det er fire tilsette ved Avdeling for mediefag som har redigert og skrive boka. Redaktørar er professor Paul Bjerke og høgskulelektor Lars Julius Halvorsen. Dekan Audhild G. Rotevatn og Bjarne Riiser Gundersen har også bidrege i fleire av artiklane i boka. Boka kan lastast ned som pdf på Kulturrådets nettsider: <http://www.kulturradet.no/fou/vis-artikkel/-/en-arena-for-langsom-refleksj-1>. Boka er gjeven ut på Fagbokforlaget: <https://www.fagbokforlaget.no/Kulturtidsskriftene/19788245023787>. Lanseringa av boka vart filma og er tilgjengeleg på Youtube: <https://www.youtube.com/watch?v=H7QZnrwbduo>

BOK OM JANE AUSTEN-OMSETJINGAR TIL NORSK

Professor Marie Nedregotten Sørbø ved Avdeling for humanistiske fag og lærarutdanning har skrive bok om dei mange norske omsetjingane av Jane Austen-romanar til norsk. Boka er gjeven ut på forlaget Brill. <https://www.hivolda.no/forskning-og-utvikling/ny-bok-viser-jane-austen-sunnmorsfjella>

HVO-SAMARBEID MED SINTEF FOR Å HINDRE LAKSERØMMING

Avdeling for mediefag ved Høgskulen i Volda samarbeider med SINTEF Ocean om ein nettstad for tilsette i havbruksnæringa. Nettstaden inneheld informasjon og filmar om tiltak som kan hindre lakserømming. <https://www.hivolda.no/forskning-og-utvikling/ny-nettside-skal-hindre-lakseromming>

PROFESSOR HAUG VARSLAR LÆRARMANGEL

I ein kronikk i Sunnmørsposten varslar professor Peder Haug at i åra som kjem vil det bli for få lærarar i Noreg. Det kjem blant anna av politiske vedtak om klassesorleik og overgang til femårig utdanning. Haug varslar at ei av følgjene av lærarmangelen kan bli auka sentralisering i skulen. <http://www.smp.no/meningar/kronikk/2018/03/02/L%C3%A6rarar-nok-16204224.ece>

SEMINAR 13. MARS: KORLEIS REKRUTTERE FLEIRE LÆRARAR

Postboks 500
6101 Volda
tlf. 70 07 50 00

Besøksadresse
Joplassvegen 11
6103 Volda

postmottak@hivolda.no
hivolda.no

Avdeling for humanistiske fag og lærarutdanning (AHL) og Kontor for samfunnskontakt (KFS) inviterer skuleeigarar, rådgjevarar, studentar, samarbeidspartar og andre interesserte til gratis seminar om utfordringar knytt til rekruttering av lærarar i framtida. Målet for seminaret er dialog og innspel kring korleis vi saman kan auke rekrutteringa, i tillegg til informasjon kring endringane i utdanningsløpet ved omlegging til femårig master.

Førehandsomtale: <https://www.hivolda.no/hivolda/seminar-korleis-rekruttere-fleire-laerarar>

For meir informasjon og påmelding: <https://www.hivolda.no/korleis-sikre-rekruttering-til-laeraryrket>

PÅ HEIMEBANE I "HEIMEBANE" - 10 MEDIESTUDENTAR BIDROG I NRK-SERIEN

NRK-serien Heimebane som er lagt til Ulsteinvik og Høddvoll hadde god hjelp frå 10 mediestudentar og lærarar frå Høgskulen i Volda. NRK og produksjonsselskapet Motlys fekk med seg studentar på Medieproduksjon der Dag Svein Roland er programansvarleg. <https://www.hivolda.no/studentliv/bak-kamera-stor-nrk-produksjon>

REKTOR VIL HALDE PÅ DOSENTLØYPA

I eit debattinnlegg i Forskerforum skriv HVO-rector Johann Roppen at det er viktig å beholde og styrke førstelektor/dosentløypa. Høgskulen i Volda har blant anna likestilt professor- og dosentstipend som eit konkret tiltak for å styrke dosentløypa. Debattinnlegget var eit svar til rektor Berit Rokne ved Høgskulen på Vestlandet som meiner dosentløypa er mindre relevant når det no blir stilt krav til professorar om auka undervisningskompetanse. <http://www.forskerforum.no/eg-trudde-den-debatten-var-over/>

- VOLDA MÅ HA MEIR ENN SVELER OG FIN NATUR

Tidlegare statssekretær i Kunnskapsdepartementet Bjørn Haugstad nemner Volda i eit avskilsintervju med nettavisa Khrono: "(...) kan hende er det rom for en liten motkulturdrevet institusjon på Nordvestlandet? Men når Høgskulen i Sogn og Fjordane nå er fusjonert inn i Høgskulen på Vestlandet som må Høgskulen i Volda finne ut hva som skal være deres konkurransefortrinn. Og det må være basert på noe mer enn nynorsk, sveler og fantastisk vestlandsnatur." Les intervjuet med Haugstad her: <https://khrono.no/haugstad-forskning-kunnskapsdepartementet/haugstad-mange-har-et-umodent-forhold-til-kjop-av-forskning/213478> Rektor Johann Roppen meiner på si side at sveler neppe kan kallast motkultur, spesielt ikkje når Fjord1 i fjor selde 800.000 sveler på ferjene sine. <http://www.hegnar.no/Nyheter/Boers-finans/2018/03/Per-Saevik-casher-inn-solgte-over-800.000-sveler>

VAL AV NYE STUDENTREPRESENTANTAR TIL HØGSKULESTYRET

Studentrepresentantane i høgskulestyret sit eitt år i gongen. Frå måndag 5. mars startar prosessen med val av nye studentrepresentantar ved at det blir muleg å nominere kandidatar til høgskulestyret. Sjølve valet blir gjennomført 26. april til 7. mai og skjer elektronisk. Meir informasjon om valet: <https://www.hivolda.no/hivolda/val-av-studentrepresentantar-til-hogskulestyret-2018>

FoU-UTLYSINGAR I 2018: INVITASJON FRÅ FOU-ADMINISTRASJONEN

Alle tilsette på HVO har fått e-post med invitasjon til å søkje på felles støtteordningar for FoU: Søkornmidlar, FoU-stipend, professor/dosentstipend og Små driftsmidlar. Førstkomande frist er for Søkornmidlar og fristen er 28. mars 2018. For Små driftsmidlar er det løpande tildeling. Det er meir informasjon om ordningane på våre nettsider: <https://www.hivolda.no/forsking/stotteordningar>

BIBLIOTEKET FORNYAR OG UTVIKLAR SEG - HAR FÅTT BOKBYTTE-HYLLE

Biblioteket ved Høgskulen i Volda har fått nye møblar og gardiner til avis- og tidskriftavdelinga. Her er ein fin arena for boklanseringar og lunsfødreg. Biblioteket har no ståande ei utstilling om André Bjerke og har fått opp ei bokbytte-hylla. I hylla kan alle som vil både gje og få bøker.

INTERNKURS I BRUK AV MINISTUDIOET PÅ STRØM

Det blir halde intern kurs bruk av Ministudioet på Strøm-huset 9., 13. og 20. mars. Det er same kurs alle tre dagane. Påmelding på <https://meta.hivolda.no>.

12 SØKJARAR PÅ STILLING SOM PERSONALSJEF

Det har meldt seg 12 søkjarar på stillinga som personalsjef etter Nina Cathrin Garshol som har fått ny jobb i Helse Møre og Romsdal. Ny personalsjef er truleg på plass til hausten. Solbjørg Nossen Leite er mellombels tilsett som personalsjef i tida frå Garshol sluttar og fram til ny personalsjef er på plass.

2 SØKJARAR PÅ STILLING SOM FORSKINGSSJEF

Det har meldt seg 2 søkjarar på stillinga som forskningssjef etter at stillinga vart lyst ut på nytt.

MØTE, SEMINAR OG ANDRE AKTIVITETAR

- 8.3.2018: Styremøte 2/2018, HVO.
- 9.3.2018: Fagdag om profesjonsfagleg digital kompetanse (Molde). <https://www.hivolda.no/fagdag-profesjonsfagleg-digital-kompetanse>
- 9.3.2018: Ope seminar: Ut med musikken, konsertsalen Henrik Kaarstad-huset. <https://www.hivolda.no/kategori/hivolda/ope-seminar-ut-med-musikken>
- 9.3.2018: Disputas: Gunhild Ring Olsen disputerer ved Universitetet i Bergen. <https://www.hivolda.no/disputas-gunhild-ring-olsen-amf-0>
- 10.3.2018: Konsert: HVO-studentar med storband, Høgskulen i Volda, konsertsalen. <https://www.hivolda.no/konsert-hvo-studentar-med-storband>
- 13.3.2018: Seminar om rekruttering til læraryrket, Høgskulen i Volda. <https://www.hivolda.no/korleis-sikre-rekruttering-til-laeraryrket>
- 16.3.18: Ope foredrag: Frankenstein på nynorsk. Høgskulen i Volda. <https://www.hivolda.no/ope-foredrag-frankenstein-pa-nynorsk>
- 11.4.2018: Seminar: Psykisk helse og meistring i eit endrings- og utviklingsperspektiv, Høgskulen i Volda. <https://www.hivolda.no/fagdagpsykiatri>
- 21.-22.3.2018: Solstrandkonferansen, Os. <http://uhnettvest.no/>
- 19.04.2018: Trygg skole. Skolelederkonferansen, Ålesund. <https://www.hivolda.no/skolelederkonferansen2018>

- 26.04.2018: Styremøte 3/2018, HVO.
- 14.05.2018: Etatstyringsmøte med Kunnskapsdepartementet om utviklingsavtale for HVO for 2019-2021.
- 23.05.2018: Miniseminar om HVO-historia. Forskingsstatus og forskingsbehov (Dato kan bli endra. ASH er teknisk arrangør).
- 21.-22.06.2018: Fjordkonferansen. NTNU Ålesund. <https://www.hivolda.no/kategori/forskning-og-utvikling/fjordkonferansen-2018>

HVO I MEDIA

Les nyhendeoppslag om HVO og HVO-tilsette i nyhendedia og sosiale media:

https://www.tintup.com/t/customer_2082469_hogskolenivolda

LEDIGE STILLINGAR VED HØGSKULEN I VOLDA

Våre ledige stillingar blir lyst på nettsida nedanfor - der er det også høve til å få e-postvarsling når det blir lyst ut nye stillingar hos oss.

<https://www.jobbnorge.no/ledige-stillinger/hoegskulen-i-volda>

NYTT FRÅ PERSONALKONTORET

Stein Conradsen har vorte tilsett som stipendiat og Bjarte Folkestad har vorte tilsett som førsteamansuensis. Rolf Werenskjold har fått opprykk til professor, Kristin Hatlebrekke har fått opprykk til førstelektor og Rita Slotterøy har vorte fast tilsett som rådgjevar på SEANSE

REKTORBLOGGEN:

7. mars 2018: [Kvar skal eg ta min doktorgrad? Slik vel høgskuletilsette](#)

12. februar 2018: [#Metoo – opningshelsing på ope møte](#)

Alle innlegg på rektorbloggen: <https://blogg.hivolda.no/jr>